

Vekeplan for 3.trinn

	Veke 3	
Tema: Identitet og kulturelt mangfold		

Mål veke 3

Norsk	Eg kan skrive to setningar i diktat. Eg veit kva eit substantiv er.
Matematikk	Eg kan skrive addisjonstykker over/under kvarandre.
Engelsk	Eg forstå og kan bruke enkle ord for retning: left, right, forward, stop.
KRLE	Eg kan ta andres perspektiv og respektere at me har ulike meiningar. Eg lærer om Jødedommen.
Sosialt	Eg veit korleis eg kan glede andre.

Lekser veke 3

Vekelekse	Matte: Gjer mattearket som ligg i sekken. (Må/Kan) Diktat: Løva er fin, men farleg. Eg likar å sykle.
Til tysdag	Norsk: Les småboka som ligg i sekken. Les boka ei gong kvar dag for ein vaksen. Øv på å skrive diktaten. Gym: Pakk gymtøy. iPad: Hugs å lade den 100%.
Til onsdag	Norsk: Les småboka som ligg i sekken. Les boka ei gong kvar dag for ein vaksen. Øv på å skrive diktaten.

Til torsdag	Norsk: Les småboka som ligg i sekken. Les boka ei gong kvar dag for ein vaksen. Øv på å skrive diktaten. Symjing: Gruppe 1 pakker symjetøy og møter på skulen kl 08.00. Sjå meir informasjon nedanfor.
Til fredag	Norsk: Les 15 minutt i ei valfri bok du har heime. Øv på å skrive diktaten.

Timeplan

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.økt	Norsk	Gym	Norsk Bibliotek (3c) Bibliotek (3a)	Symjing/KRLE	Norsk
2.økt	Matematikk	Norsk Bibliotek (3b)	Matematikk	Matematikk	Matematikk
3.økt	Leik	Engelsk	Kor	Naturfag	Naturfag
4.økt	Leik				
Slutt	14.15	13.00	13.00	13.00	13.00

Informasjon til heimen

Bibliotek: Frå neste veke skal vi gå meir fast på biblioteket. Elevane kan låne max 2 bøker kvar.

Småbøker: Alle elevane har fått ei Småbok heim i sekken. Dei skal lese heile boka heime kvar dag. Den skal ligge i sekken i leksemappa.

Skifteklede: Elevane må ha ekstra skift på skulen som ligg i ein pose i garderoben. Truse, bukse og sokker er ekstra viktig. I tillegg må dei ha innesko, regnklede og støvler. Hugs å merke kleda!

Gymsko: Det vert gym kvar tysdag. Dette året skal dei dusje etter gymtimane. Dei skal kun vaske kroppen, ikkje håret. Dei skal ha med seg gymklede, sko, handkle og såpe.

Symjing: torsdag i 1.økt. Vi tek buss til Bryne ungdomsskule kl 08.15, så dei som har symjing må møte kl 08.

Du kan gå inn å lese meir om svømmeopplæringa her:

<https://www.svommedyktig.no/ressurser/vanntilvenning-og-svomming/>

Nokre elevar har tatt symjetesten. Dei tek symjetesten når dei er klare for det. Ingen blir pressa til å ta testen. Vi er opptatt av at elevane skal kjenne seg trygge.

Elevane må ha med seg badeklede, badehette, handkle, shampo, kroppssåpe og ein plastpose til å ha dei blaute badekleda oppi. Dersom nokon har fotvorte (sjekk nøye), må dei ha med eit ekstra par med reine sokker (dei må dusje og bade med sokk på). Merk ALT med namn, og la eleven vere med å pakke symjebagen slik at dei veit kva dei har med seg.

Symjegruppe som skal ha symjing (veke 2- 8):

Luca, Vincent, Helena, Olav, Oskar, Amalie, Beatrice, Jacob, Sondre E, Marselius, Maria, Kristian H, Aleksandar, Ariana, Isabel, Emil, Makai, Ella Sofie, Aslaug Olina, Isak, Kristian L, Ingeborg, Ester, Oda, Max Emil, Runa, Kristian I.

Sjukdom: Dersom elevane er sjuke må de melda frå om dette i "VISMA min skole"-appen om morgonen slik at me veit at elevane ikkje kjem.

SFO: Dersom elevane ikkje skal på SFO ein dag må de leggja inn dagsnotat på visma. Det er ikkje nok at elevane seier i frå munnleg.

Vi ønskjer alle ei fin veke ☺

Helsing Safeta, Randi, Espen, Mia, Berit og Brita

